



Lotterinemnda

## Vedtak i Lotterinemnda 29. august 2018

### Sak

**2018/0164 Kyrkjeklokka Bladlag – org. nr. 978 827 350 – klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon**

**Til stades:** Leiar Elisabeth Wittemann, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

### Bakgrunn for saka

Kyrkjeklokka bladlag (klagar) søkte 12. juni 2017 om kompensasjon for meirverdiavgiftskostnadar for rekneskapsåret 2016.

Lotteritilsynet gjorde vedtak om å avslå søknaden 13. juli 2017, med grunngjeving at Kyrkjeklokka Bladlag har ei indirekte tilknytning til det offentlege ved at Den norske kyrkja vert finansiert av offentlege midlar. Dette er i strid med forskrift om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 5 fjerde ledd bokstav a.

Klagar klaga på vedtaket 3. august 2017. Klagar gjer greie for at all inntekt til Kyrkjeklokka Bladlag kjem frå frivillige bladpengar. Arbeid med kyrkjelydsblad ligg ikkje lenger innanfor tenesteoppgåvene til sokneprestane og difor gjerast dette arbeidet på frivillig basis. Det er kvart sokneråd som har ein stemme, ikkje kyrkjeleg fellelråd. Om det var fellelrådet som valde utsending og hadde røysterett på årsmøte, kunne ein legge til grunn ein offentleg tilknytning. Det vert elles vist til klagen i sin heilhet.

Klagen vart utdjupa i e-post 17. august 2017 kor det gjekk fram fylgjande:

Klagar er registrert som eigen juridisk eining i Brønnøysundregisteret og som ideell organisasjon i Frivillighetsregisteret. Klagar kan ikkje få kompensasjon etter anna regelverk. Om det var kyrkjeleg fellelråd som hadde ansvaret for drift av bladet, kunne fellelrådet fått kompensasjon etter Lov om kompensasjon for kommunar. Det verkar urimeleg om klagar skal miste moglegheita til kompensasjon på grunn av organisasjonsform.

#### Postadresse

Postboks 511 Sentrum  
5805 Bergen

#### Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7  
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Lotteritilsynet har ikkje funnet grunn til å gjere om vedtaket sitt. Klagen med innstilling frå Lotteritilsynet 16. mai 2018 vart sendt til Lotterinemnda for behandling.

Klagar sendte inn merknadar til Lotteritilsynet sin innstilling 1. juni 2018. Her gjer klagar greie for at foreininga er stifta som eit eige lag og som eit eige rettssubjekt og er difor ikkje underlagt det offentlege. Klagar er vidare ikkje einig i at høyringsnotat av 2. september 2014: «Staten og Den norske kirke - et tydelig skille» kan leggjast til grunn i saka. Det vert elles vist til merknadane i sin heilhet.

### **Det rettslege grunnlaget**

Det rettslege grunnlaget er forskrift 15. april 2013 nr. 386 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar (heretter forskrifta).

I forskrifta § 5 fjerde ledd går følgende fram:

«Det gis ikke kompensasjon for merverdiavgiftskostnader i følgende virksomheter: a) virksomhet som er organisert av det offentlige og eller har en direkte eller indirekte tilknytning til det offentlige gjennom at stat, fylkeskommune eller kommune kan påvirke deler av virksomheten for eksempel ved innsettelse av styremedlemmer eller har muligheter til å legge sterke føringer for virksomheten på annen måte».

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

### **Lotterinemnda si vurdering**

Kyrkjeklokka Bladlag sin klage gjelder Lotteritilsynet sitt avslag 13. juli 2017 på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon.

Det går fram av punkt 1 i vedtektene til klagar at deira føremål er å gje ut kyrkjeblad i Hornindal og Stryn kommunar. Medlemmene i Kyrkjeklokka Bladlag er i punkt 2 oppgitt til å vera sokneråda i kommunane Hornindal, Innvik og Stryn. Gjennom årsmøtet vel sokneråda styret og legg føringar for verksemda til bladlaget. Sokneråda i Hornindal sokn og Innvik sokn er registrert i Einingsregisteret under organisasjonsforma «Den norske kirke».

Soknerådet er ein eining innafor Den norske kyrkja som etter at endringane i kyrkjelova trådde i kraft 1. januar 2017, ble skild frå Staten. Forskrifta er ikkje endra etter endringane i kyrkjelova. Det fylgjer av kyrkjelova § 15 at kommunane er økonomisk ansvarlege for utgifter i sokna etter budsjettforslag frå kyrkjeleg fellelsråd.

Lotterinemnda er ikkje samd i at Kyrkjeklokka Bladlag er unntatt frå ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon etter forskrifta § 5 fjerde ledd bokstav a.

Det fylgjer direkte av forskriftas ordlyd at det er verksemd kor det offentlege kan *påverke* deler av verksemda eller har moglegheit til å *leggje sterke føringar* for verksemda, som er unntatt frå ordninga. Det er klart at sokneråda ikkje er del av det offentlege etter 1. januar 2017. Nemnda kan ikkje sjå at kommunens ansvar for finansieringa av sokneråda, inneber at det offentlege kan påverke eller leggje sterke føringar for verksemda i Kyrkjeklokka Bladlag – verken direkte eller indirekte. Dette gjeld sjølv om Den norske kyrkja står i ein særstilling samanlikna med andre trussamfunn i Noreg, og i praksis er fullfinansiert over offentlege budsjett. Nemnda merkar at omfanget av kommunens økonomiske ansvar etter kyrkelova § 15 er lovfesta, og at det er kyrkjeleg fellesråd som fremmer budsjettforslag.

### **Konklusjon**

Det er ikkje høve til å gjere unntak frå ordninga om meirverdiavgiftskompensasjon for Kyrkjeklokka Bladlag, og Lotteritilsynets vedtak skal opphevast. Saken er ikkje tilstrekkelig opplyst til at nemnda kan treffe nytt vedtak, og vert difor sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling.

### **Vedtak**

Lotteritilsynet sitt vedtak opphevast. Saken vert sendt tilbake til Lotteritilsynet for ny behandling

*Dokumentet er godkjent elektronisk*